



Det kongelige helse- og omsorgsdepartement  
postboks 8011 Dep  
30 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/586 - 14/4203

Saksbehandlar:

Arthur Kleiveland

arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:

23.04.2014

## Reservasjonsordning for fastlegare - høyringsuttale Radøy kommune

**Radøy kommunestyre har 10. april handsama sak om reservasjonsordning for fastlegar. Vedtaket vart gjort med 13 mot 12 røyster.**

### **Radøy kommune gjev følgjande uttale om reservasjonsordning for fastlegar:**

Radøy kommune meiner at det ikkje bør innførast reservasjonsmoglegheit for fastlegar.

Radøy kommune forventar at alle tilsette utfører dei oppgåvene som stillingane deira inneber, og dette gjeld også fastlegane. Å vera fastlege inneber eit listeansvar – herunder henvising til spesialbistand – til dei ein er fastlege for. Helsepersonell har i dag rett til å reservera seg mot å utføra og assistera ved abort, samt å utføra og bistå ved assistert befruktning.

Pasienten sitt behov må vera styrande for fastlegen sitt arbeid, og fastlegen skal vere der for pasientar i alle situasjonar der pasienten har behov for hjelp og rettleiing og har behov for henvising til sjukehus.

Alle pasientar skal bli møtt av ein trygg og profesjonell lege. Kvinner som ber om abort er ofte i ein vanskeleg situasjon og skal sleppa å måtte halda seg til to fastlegar. Kommunen kan ikkje sjå nokon grunn til å endra det regelverket som eksisterer i dag, og som har fungert godt i høve til å sikra kvinna sin rett til sjølv å ta stilling til om svangerskapet skal avbrytast.

Radøy kommune meiner saka om reservasjonsrett for fastlegar må avgjerast av sentrale styresmakter og ikkje av kvar enkelt kommune

Med helsing

Arthur Kleiveland  
konsulent kultur- og sørvistorget  
Radøy kommune



**Mottakere:**

Det kongelige helse- og  
omsorgsdepartement

postboks 8011 30  
Dep

OSLO